

Arkivnr: 2018/16486-76
Saksbehandlar: Ingrid Holm Svendsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Partssamansett utval		02.09.2019

Retningslinjer for gåver og påskjøning i arbeidsforhold**Forslag til vedtak**

Partssamansett utval stiller seg bak forslaget til retningslinjer for gåver og påskjøningar i arbeidsforhold i Vestland fylkeskommune, slik det er omtalt i saksframlegget.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Forslag til retningslinjer for gåver og påskjøning

Prosjektleiar, 23.08.2019

Bakgrunn for saka

Gåver og påskjøningar er velferdstiltak som skal vere med å støtte opp om eit godt arbeidsmiljø i Vestland fylkeskommune.

Prosjektleiar legg med dette fram retningslinjer for gåver og påskjøningar som grunnlag for felles praktisering i Vestland fylkeskommune.

Avklaring og innføring av eit slike retningslinjer ligg innanfor den fullmakta prosjektleiar har fått av fellesnemnda for fastsetting av den administrative organiseringa av Vestland fylkeskommune. Prosjektleiar legg derfor denne saka fram for partsamansett utval til uttale som grunnlag for prosjektleiar si endelege avklaring.

Forslag til retningslinjer

Prosjektleiar viser til vedlegget i saka for nærmare omtale av forslaget til retningslinjer for gåver og påskjøningar i arbeidsforhold i Vestland fylkeskommune.

Drøfting med hovudtillitsvalde

Prosjektleiar la fram forslag til retningslinjer på informasjons- og drøftingsmøte med hovudtillitsvalde i dei to fylkeskommunane, 26.08.19.

Merknader og forslag til endringar i møtet er innarbeidd i forslaget til retningslinjer som gjennom denne saka vert lagt fram for partssamansett utval.